

DI HJELP – DI FORSIKRING

Som medlem i Norges Bygdekvinnelag kan du søkje om midlar dersom du skulle vere uheldig å kome i ein vanskeleg situasjon. Slik støtte kan hjelpe deg noko i ei akutt krise.

IKKJE NØL MED Å TA KONTAKT MED OSS

Gjennom medlemskapet ditt har du gjeve tilskot til Bygdekvinnes Hjelpefond.



DI HJELP – DI FORSIKRING

SØKNAD

Søknad skal sendast til Bygdekvinnes Hjelpefond på eit fastsett skjema.

I søknaden må det gjevast:

- Opplysningar om kva tilskotet skal brukast til
- Opplysningar om søkjaren sin økonomi
- Opplysningar om søkjaren sitt jordbruk dersom det er aktuelt
- Søkjaren må gje namn på personar/ referansar
- Søknadsskjemaet må fyllast ut fullstendig for at søknaden skal verte behandla

Søknaden vert behandla konfidensielt.

SØKNADSKJEMA

Søknadskjema ligg på Norges Bygdekvinnelag si heimeside. Dersom du har spørsmål eller ynskjer å få søknadskjema sendt i posten, ta kontakt med:

Norges Bygdekvinnelag

Postboks 9358 Grønland, 0135 Oslo
postnbk@bygdekvinnelaget.no
www.bygdekvinnelaget.no
Tlf. 22 05 48 15



SØKNADSKJEMA

2005



*Vi hjelper
deg!*

**BYGDEKVINNES
HJELPEFOND**

Stifta 1931



Nynorsk

BYGDEKVINNE- HJELPEFOND

Norges Bygdekvinnelag sine medlemmer har som mål å støtte kvarandre personleg og om nødvendig også økonomisk i ein vanskeleg situasjon. Kvart år samlar lokallaga inn pengar. Målet med Hjelpfondet er å hjelpe medlemmer i Norges Bygdekvinnelag og/eller jordbrukarar som har fått økonomiske vanskar på grunn av sjukdom, uhell, ulykke eller personleg krise.



**BYGDEKVINNE-
HJELPEFOND**

INGEN KJENNER MORGONDAGEN

Vi veit lite om kva morgondagen kan bringe. Katastrofer, ulykker, sjukdom, død og skilsmisser kjem brått og uventa og kan ramme alle. «Ei ulykke kjem sjeldan aleine», heiter det. Det økonomiske grunnlaget kan verte borte eller vere i ubalanse i ein periode slik at ein treng støtte.



**INGEN KJENNER
MORGONDAGEN**

SAMBUARSKAP

Når den eine parten i eit sambuarskap døyr, er det ingen spesielle reglar som tek omsyn til den som lever att. Sambuarar arvar ikkje automatisk kvarandre og tek ikkje over kvarandre si gjeld. Det er ingen generell lov som regulerar tilhøvet mellom sambuarar på same måte som mellom ektemakar i ekteskapsloven. Derfor kan mange kome i ein vanskeleg situasjon dersom slektningar gjer krav på buet.



SAMBUARSKAP